

# Møtebok – Lom fjellstyre

## TITTELBLAD

### MØTEBOK FOR LOM FJELLSTYRE

**Møtedato:** 20. desember 2021

**Møtestad:** Norsk Fjellsenter

#### Desse var til stades på møtet:

Faste medlemer: Erik Frisvold, Svanhild Lyngved Solheim, Ellen Olasveen, Oluf Kvålshagen, Frikk Kolden.

Andre: sekretær/ dagleg leiar Åsmund Galde, Eilev Hellekveen.

Møtet vara frå kl.14.00 til kl. 16:00

#### Saker som vart behandla:

Sak nr./år: 46/2021 – 50/2021

#### Underskrifter:

Vi stadfestar med vår underskrift at det som er ført i sakene 46/2021 – 50/2021 er det som vart vedteke.

#### Utskrifter:

Hovudutskrift av protokoll går til:

- ✓ Fjellstyremedlemene
- ✓ Lagt ut på Lom fjellstyre si heimeside [www.lom-fjellstyre.no](http://www.lom-fjellstyre.no)

## Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	46/2021	Arkiv nr.:		Møtedato:	20.12.2021
Saksbehandler:	Åsmund Galde				

### Referat og meldingar..

- A. 211202 - E-post frå Landbrukskontoret i Lom og Skjåk-Møte om framtidig bruk og vedlikehald av Langmyra gnr.157 bnr. 1 fnr. 76.
- B. 211209 - E-post frå NFS. Vilkår for at tilleggsjorda skal reknast for å vere i bruk – vidare handsaming og innspel frå Vestre Slidre Fjellstyre.
- C. 211209 - E-post frå Statskog SF. Kopi av brev til Oddmar Marstein - søknad om oppføring av gjerde
- D. 211213 - E-post frå NFS. Nyheter til fjellstyrene-felles markedsføring 2022
- E. 211215 - E-post frå villreinutvalget. Referat frå møte avholdt digitalt 10.12.2021

# Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	47/2021	Arkiv nr.:	021/111.1	Møtedato:	20.12.2021
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

## Forslag til årsplan og budsjett for 2022.

Sakspapir:

- Budsjettforslag 2022.

## Merknader til budsjettet og framlegg til årsplan:

*Personell.*

Fjellstyret har i 2021 hatt desse tilsette:

- Åsmund Galde dagleg leiar/fjelloppsyn i 100% stilling.
- Magny Hilde, kontormedarbeidar i 30 % stilling. Pensjonert frå 30. mai.
- Eilev Hellekveen, fjelloppsyn 100% frå mai til nov. 40% des-apr.
- Jo Øien, sesongoppsyn 20. august-30. september
- Odd Repp, sesongoppsyn/tilkallingsvikar.

Tjenestekjøpet frå SNO og sal av tenester til andre har dei siste to åra vore høgare enn budsjettert. Dette krev meir personell, og har vore løyst gjennom utvida bruk av sesongoppsyna. Behovet vil vera noko avhengig av kor stort tenestesalet vert. Dette er aldri klart før på vårparten, men vi har fått signal om at behovet hjå SNO, NVE og nasjonalparkstyra blir omtrent på same nivå som dei siste åra. Refusjonen for oppsyn i statsallmenning vart betydeleg auka i 2021, men statsbudsjettet som er varsla så langt, tilseier at denne summen fell attende til gammalt nivå. Dersom tjenestekjøpet tilseier auka arbeidsbehov bør dette leggest til eksisterande stillingar.

Dagleg leiar skal ut i fedrepermisjon mot slutten av komande år. Permisjonen er planlagt dekt opp ved utvida bruk av eksisterande personell. Det er budsjettert med 100% stilling for dagleg leiar, utviding av eksisterande stillingar blir dekt opp gjennom dette.

*Fjellstyret - møteverksemd.*

Tidspunkt for møta vil bli tilpassa saksmengda og behovet for rask handsaming av enkelte saker. Administrasjonen vil varsle styremedlemene om tidspunkta for møta så snart desse er tidfesta. Det vert lagt opp til seks ordinære fjellstyremøte i løpet av året. Det vert hovudsakleg lagt opp til kveldsmøte.

Dersom det kjem saker til behandling som fordrar synfaring føreåt, vert denne synfaringa lagt til juni månad. Til denne synfaringa vert også andre partar med uttalerett eller avgjerdsmynde inviterte. Saker som dukkar opp i løpet av sommaren, kan gjera at det blir behov for ei synfaring att også på haustparten.

Bruksrettssakene og forvaltningssakene som fortløpande kjem inn til behandling av fjellstyret, har førsteprioritet av sakene.

## Møtebok – Lom fjellstyre

### *Oppsynsverksemd-administrasjon.*

Forvaltninga av bruksrettane og administrasjon av jakt og fiske, saman med administrasjon og tilsynet med alle fjellstyrehyttene, er dei viktigaste oppgåvene for dei tilsette. Hausten 2021 sette vi i gang med revidering av seterregisteret og vi kjem til å bruke ein del tid på dette komande år.

Tenestesalet til SNO krev at dette vert sterkt vektlagt spesielt i sommar-månadene. SNO-Jotunheimen har det største tenestekjøpet. Dette er ein brukspark med stor besøkmengde ei avgrensa tid av året, som gjer at behovet for oppsyn og informasjonsarbeid er absolutt størst i sommarferietida, og vil bli prioritert da.

Vi vil ha fokus på auka bruk, informasjon og marknadsføring gjennom digitale plattformer. I tillegg blir det foreslege å sette av kr 20 000 til marknadsføringstiltak knytt mot fiske. Dette er tenkt nytta i ein marknadsføringskampanje i felleskap med andre fjellstyrer, NFS og inatur.

Det har kome signal om at avtala med SNO om jervsporing og hilokalisering av jerv blir vidareført i same omfang som tidlegare år. Avtala med NVE om snømåling på Sognefjellet står ved lag. Når det gjeld transport i tilknytning til bremålingane i Jotunheimen har vi fått signal om auka oppdragsmengde. Det er ynskjeleg at vi kan bistå med utføring av bremålingar på enkelte lokaliter.

Auka bruk av fjellstyrehyttene gjer at behovet for transport av ved, gass og nødvendig utstyr for vedlikehald og reparasjonar av fjellstyrehyttene er større enn før. Dette arbeidet vert prioritert i perioden april-juni.

I tillegg til oppsyn med jakta i haustmånadene kjem fiskeutsetting, ettersyn og klargjering av hyttene før vinteren. Stor auke i fellingskvotane siste åra, utviding av jakttida og innføring av korttidsjakt på restkvote/tilleggsdyr medfører meirarbeid med administrasjon og oppsyn.

Årlege arrangement og tiltak som skal gjennomførast:

- "Barske glæder" – fyrste halvdel av mars, i samarbeid med Norsk Fjellsenter og SNO.
- Familiefiskedag ved Dalsvatnet – i månadsskiftet juni-juli, eige arrangement.
- Friluftsgruppa ved Lom v.g.s. – transport og utsetting av settefisk på Langvatnet, i slutten av august.
- Veodalsturen med 7. klassingane i Lom – orientering om fangstanlegg og om Veodalen, utsetting av fisk og prøvefiske, overnatting i lavvo ved Grønua, i fyrste halvdel av september.

I tillegg til dei faste arrangementa ynskjer vi å gjennomføre opplærings- og rekrutteringsprosjekt for barn og unge knytt til garnfiske- og storviltjakt. Fjellstyresambandet og miljødirektoratet har lyst ut prosjektmidler til rekrutteringsarbeid knytt til temaet «høstingsbaserte ressurser.» Tildeling av tilskot krev bruk av eigne midlar og eigeninnsats. Det blir foreslått å sette av kr 20 000 til rekrutteringstiltak for barn og unge i 2022.

## Møtebok – Lom fjellstyre

### *Jakt og fiske.*

Fiske.

Utsetting av settefisk skjer etter ein eigen kultiveringsplan. Det er planlagd prøvefiske på Leirvatnet og Svarttjønna i Dumdalen.

Båtar med redningsutstyr som er utplasserte på fire forskjellige vatn for utleige, krev noko ettersyn og småreparasjonar gjennom sommarhalvåret.

Lom fjellstyre har administrasjonen av ordninga med Jotunheimen-kortet, felleskortet med Vågå og Luster. Nettsalet av fiskekort har vore aukande, og vi har kutta ned på talet av kortsalstader. Dette gjeld vesentleg dei med minst omsetning. Dette har minska arbeidet noko med administrering av kortsal.

### *Småviltjakt.*

Administrasjon, utlysing og sal av småviltjakt til utanbygdsbuande krev ein del innsats i vårmånadene, ikkje minst kontakta pr. telefon som mange av jegerane ynskjer.

Taksering av lirypebestanden i dei tre områda Veodalen, Sålell og Leiråsen to helger i månadsskiftet august-september. Dette skjer med hjelp frå erfarne fuglehund-eigarar. Administrasjon og organisering av jaktkortsalet i september månad.

### *Storviltjakt.*

Fjellopsynet er sekretær og representant for fjellstyret i Bøverdalen viltområde, og representerer fjellstyret i Skaihø v.o. Møteverksemd i april og mai for å fastsetje kvotar og drøfte endringar i bestemmelsane framfor ny sesong. Observasjon og registrering av bestandsforholda for storvilt blir gjort i løpet av vinteren og våren for å kunne fastsetje kvotane best mogleg.

Administrasjon av enkeltkort for storviltjakt i november månad krev noko ekstra arbeid, men er ei ordning som har vorte godt motteke, fungerer godt og er medvirkande til auka fellingsresultat.

I tillegg til oppsyns- og kontrolloppgåver på statsallmenningen, har oppsynet dei siste åra også teke oppdrag både frå Meadalen grl. og Vårdalen grl./Vårdalen utmarkslag. Det er grunn til å tru at dette tenestesalet, som ikkje har noko stort omfang, vil halde fram.

### *Hyttene.*

Jamleg ettersyn, supplering av utstyr og nødvendig vedlikehald som beising og reingjering gjennom heile sesongen, samt forsyning med ved og gass. Ettersyn og oppfylgjing av brannvern- og sikringsutstyr, instruksar og dokumentasjon knytt til dette.

Det er budsjettert med kostnadar knytt til tetting og utbedring av tak og pipegjennomføring på Heranosbua og hytta på Bøvertjønnene. Dette arbeidet var planlagt, men ikkje gjennomført inneverande år.

### **Forslag til vedtak:**

Fjellstyret godkjenner forslaget til årsplan og budsjett.

# Møtebok – Lom fjellstyre

## **Vedtak:**

Som framlegget. Samrøystes.

Utskrift går til:

- Statskog SF – som e-post
- Rekneskapsfører – som e-post

# Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	48/2021	Arkiv nr.:	141.9	Møtedato:	20.12.2021
Saksbehandlar:	Eilev Hellekveen				

## Søknad om stønad frå fjellkassa.

### Formål: Driftstilskot til Storådalen beitelag.

Sakspapir:

- Søknad dagsett den 09.12.2021 frå Storådalen beitelag.

### Saksutgreiing:

Med brev dagsett den 09.12.2021 har Storådalen beitelag v/Hans Erik Kolden søkt om kr. 25.000 i stønad til fellesdrifta for storfe i området Gjendebu/Storådalen i 2021.

Det vart slept 117 kukalvar/kvigar på beite (105 dyr i 2020). Det har vore fint vær og totalt sett ein god beitesesong ved Gjende, og heller ikkje dette året har det vore tap av dyr. Beitesesongen varte frå 8.juli til 12.september.

Det var leigd inn to gjetarar i deltid i tillegg til stor eigeninnsats frå dyreeigarane, spesielt under slepping, flytting av dyr og under sankinga.

Beitelaget har utført noko skjøtselarbeid i området rundt Gjendebu, og har utført ein del vedlikehald på gjerde, deriblant flytting og restaurering av gjerde rundt eit myrområde i Veslådalen. Dette arbeidet er ikkje ferdig.

Beitelaget har hatt eitt transportoppdrag av septikk dette året.

Det skal utførast ein del arbeid på Gjendebu i sesongen 2022. Beitelaget ser derfor for seg at det vert fleire transportoppdrag komande år.

Den 15. og 16. juli deltok beitelaget med tre personar i samband med 150 års jubileumet til Gjendebu turisthytte. Den 14. og 15. august var det arrangert slåttedugnad der beitelaget stilte med ni personar.

Elles nemner beitelaget i søknaden at transportflåte og motorar nå fungerer bra, og at transporttida over Gjende er redusert.

Storådalen beitelag er svært takksame for samarbeidet og den økonomiske støtta til drifta.

Resultatregnskap ligg ved søknaden.

### Opplysningar og merknader:

Det er avsett kr 50.000 til driftstilskot for fellesdriftene og det har kome to søknader om tilskot:

- Storådalsdrifta – kr 25.000 til drift
- Veodalsdrifta – kr 25.000 til drift

Tiltaket oppfyller krava til stønad frå fjellkassa.

# Møtebok – Lom fjellstyre

## **Forslag til vedtak:**

Fjellstyret løyver kr.25.000 i driftstilskot til Storådalen beitelag for året 2021.

## **Vedtak:**

Som forslaget. Samrøystes.

Utskrift går til:

- Storådalen beitelag v/Hans Erik Kolden – som e-post
- Statskog SF – som e-post
- Rekneskapsføraren – som e-post



# Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	49/2021	Arkiv nr.:	141.3	Møtedato:	20.12.2021
Saksbehandlar:	Eilev Hellekveen				

## Søknad om stønad frå fjellkassa.

### Formål: Driftstilskot til Veodalen beitelag.

Sakspapir:

- Søknad datert den 02.12.2021 frå Veodalen beitelag.

### Saksutgreiing:

I brev av 02.12.2021 har Veodalen beitelag v/ Lom avløyssarlag søkt om driftstilskot kr 25.000 til fellesdrifta for storfe i Veodalen i 2021.

Året 2021 var det 17. driftsåret for Veodalen beitelag.

I år var 106 storfe på beite (86 dyr i 2020) fordelt på 8 husdyreigarar(7 i 2020).

Beiteperioden var frå ca. 1.juli til 11.september. Det har vore tilsett ein gjetar, og husdyreigarar har delteke ved slepp og sanking. Det har ikkje vore tap.

Totale driftskostnader i 2021 er 141.238,60 kr. (101.441,- i 2020). Gjetarkostnadane inkludert frakt og eigeninnsats er kr 1332,- pr. dyr, ei auke frå året før(1179,- pr. dyr). Rekneskap er vedlagt søknaden.

På inntektssida er tilskot frå regionalt beitelagstilskot kr 5085,-(5490,- i 2020). I tillegg er det innvilga inntil 30% av driftskostnadane-maksimalt 35.000,- i kommunalt driftstilskot for 2021. Dette er dei offentlege støtteordningane som Veodalen beitelag kan få driftstilskot frå.

Veodalen beitelag søker om eit driftstilskot for 2021 på 25.000 kr frå Lom Fjellstyre.

Beitelaget takkar i søknaden for godt samarbeid.

### Opplysningar og merknader:

Det er avsett kr 50.000 til driftstilskot for fellesdriftene og det har kome inn to søknader om tilskot:

- Storådalsdrifta – kr 25.000 til drift
- Veodalsdrifta – kr 25.000 til drift

Tiltaket oppfyller krava til stønad frå fjellkassa.

### Forslag til vedtak:

Fjellstyret løyver kr.25.000 i driftstilskot til Veodalen beitelag for året 2021.

### Vedtak:

Som framlegget. Samrøystes.

Utskrift går til:

- Veodalen beitelag v/Lom avløyssarlag v/ Kjell Kvålshagen – som e-post
- Statskog SF – som e-post
- Rekneskapsføraren – som e-post

# Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	50/2021	Arkiv nr.:	612.1	Møtedato:	20.12.2021
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

## Rekrutteringstiltak storviltjakt - avsetting av storviltløyver til opplæringsjakt

### Saksutgreiing:

Dei siste åra har vi sett ein tendens der gjennomsnittsalderen på jaktlaga har auka i takt med tal løyver. Kva som er årsaken kan være vanskeleg å peike på, men vi ser at ein del av dei som tek jegerprøva ikkje kjem seg vidare inn på eit jaktlag. Tradisjonelt har medlemskapa kanskje vore vidareført gjennom arv og familiære band, men med færre jegerar i foreldregenerasjonen ser vi fleire unge som fell ut. Økonomi og tid kan og vere eit moment. Dei store kvotene dei siste åra har ført til at medlemskap på eit jaktlag krev mykje tid og kostar pengar.

Storviltjakta er ein vesentleg del av fjellstyret si verksemd. Samstundes er det viktig at vi vidarefører jakt- og fangst kulturen og dei haustingsbaserte tradisjonane som ligg til bygda. For å klare det må vi sikre at jaktutøvinga er ein aktivitet som er tilgjengeleg for folk flest.

Gjennom kortidsjakt er det opna for jakt på enkeltløyver. Dette er eit lågterskel tilbod som ikkje kostar mykje. Likevel ser vi at ein del unge med fersk jegerpøve kvier seg for å ta fatt på dette aleine, at dei manglar nokon som kan vere med. For å hjelpe desse på veg ynskjer fjelloppsynet å arrangere introduksjons- og opplæringsjakt for denne gruppa. Prosjektet er tenkt som eit samarbeid med Lom jeger og fiskarforeining, og vil i hovudsak sikte seg inn på aldersgruppa 14-20 år. Det er mogleg, og vil bli søkt om, å få tildelt midlar frå miljødirektoratet og Norges fjellstyresamband.

I samband med prosjektet er det avgjerande å få avsett løyver og jaktområde. Fjelloppsynet vil foreslå at ein tidfestar dette til perioden tiltenkt korttidsjakt og set av jaktfelta i Visdalen, Leir- og Bøverdalen statsallmenning fyrste helga i november. Det bør tildelast eit løyve av kvar art, ein elg, ein hjort og eit rådyr.

### Opplysningar og merknader:

Grunnkvota i Visdalen- Leir og Bøverdalen statsallmenning var siste år 12 elg, 16 hjort og 6 rådyr. Grunnkvota har ikkje vore fylt av dei ordinære jaktlaga siste året.

Før fjellstyret tek endeleg avgjerd må forslaget sendast på høyring til kommunen, varslast og leggst ut til offentleg gjennomsyn.

### Forslag til vedtak:

Fjellstyret legg fram forslag om å sette av jaktfelta i Visdalen, Leir- og Bøverdalen statsallmenning til introduksjons- og opplæringsjakt den fyrste helga i november.

Det skal settast av eit dyr av kvar art til denne jakta. Eit ungdyr/kalv av elg, ei hind/ungdyr/kalv hjort og eit rådyr.

## **Møtebok – Lom fjellstyre**

Forslaget blir sendt på høyring til kommunen og varsla og lagt ut til offentliggjennomsyn på fjellstyret sine heimesider med frist på 3 veker til å kome med merknader.

### **Vedtak:**

Som framlegget. Samrøystes.

Utskrift går til:

- Lom kommune – som e-post
- Statskog SF – som e-post
- Lom JFF – som e-post